



Ein av 2 strikkemaskinar på Rød.

I meir enn 20 år har det vore årlege museums dagar på Bygdetunet Rød og i år er eitt tema bokstaveleg tala av det mjuke slaget. Overskrifta er Frå heimastrikk til mamelukk. Det blir utstilling i lemstova av klede og uttsillinga er eit samarbeid melom museet på Stord og privatpersonar.



Strikkeutstyr på Rød

- Utgangspunktet er tekstilar og heimestrikka plagg, fortel primus motor Kristian Bringedal og minnar om at det i si tid var 3 strikkemaskinar i bygda. Dei var på Rød, Kjærland og Eik.

Kjærland-maskinen vart nytta som ei attåtnææring av Kari Eik

i mellomkrigstida. Etter krigen overtok Marie Bringedal maskinen og i ledige stunder laga ho underklær, gensarar, kuffer og anna på oppdrag for folk som kom med garn. Dette heldt ho på med heilt til på 1960-talet.

Strikkemaskinen er opprinneleg svensk men vart seld av F.G. Amundsen i Bergen. Også Rød-maskinen er framleis intakt. Museet på Stord har lånt ut plagg til utstillinga og det har også Gunvor Landa og Anne Guribe Bringedal gjort. Mellom anna vil ein få sjå nattkjoler, mamelukkar, livstykke, putetrekk og laken.

I ein annan bolk under museumsdagen blir det eit minneprogram om Jakob Sande og her syng Jan Ove Totland medan Kjell Yri deklamerar og Reidar Kyrkjebø kåserar om den mangfaldige diktaren

Kyrkjebø ersom Sande var frå Dale i Sunnfjord og har mellom anna vore lektor på KVV. Totland er sokneprest og skal også ha gudstenesta i friluft som første del av det 3 timer lange programmet neste søndag frå 14 til 17.

Av Ola Matti Mathisen